

Fløholmen flytebryggje

Korrespondanse med Alver kommune november - desember 2020 :

30. 11. 2020 :

Frå Marianne Aadland Sandvik

Eg set ny sakshandsamar på kopi. Han skal ta ein gjennomgang av saka for å sjå om søknaden er klar for handsaming

01. 12. 2020

Til Are Frøysland Grande :

Kommunens brev av 1. 12. 2020, ref 20/335-20/76458

om : Administrativt vedtak. Saknr: 1293/20

med overskrift : Avvist søknad om Småbåthamn -gbnr 427/12 Fløholmen

Kommunen skriv :

Tiltak : Det vert vist til søknad motteken 03.12.2019. Saka gjeld søknad om småbåthamn.

Spørsmål :

1. Kvifor er ikkje Fløholmen AS oppført som tiltakshavar ?
2. Har Fløholmen AS fått kopi ?
3. Kan du senda meg søknaden kommunen viser til-med kopi til Fløholmen AS ?

02. 12. 2020

Til Are Frøysland Grande :

Kommunens brev av 1. 12. 2020, ref 20/335-20/76458.

Det er noko uklårt om storkommunens arkiv er komplett.

Vedlagt følgjer sentrale saksdokument (1-6).

Søknaden (1) er datert 20. august 2018. Merknad frå Myking vart ettersend 24. august 2018.

04. 12. 2020

Til Marianne Aadland Sandvik :

Eg fekk avvisningsvedtak frå Grande allereide dagen etter, og har sendt han nokre spørsmål - som eg ikkje har fått svar på.

Det ser ut for at Grande har oppfatta saka primært som ei dispensasjonssak.

Saka gjeld ei flytebryggje, i sjøareal avsett til småbåthamn i kommuneplanen (Radøy), først omsøkt samla (sjø og land) og delvis godkjend i 2009 og så (nr. 2 – flytebryggjedelen) i 2018 (20. august).

Når det i tillegg også er søkt om dispensasjon frå kommuneplankartets byggjegrænse i sjø er det av di Radøy kommune sette dette som vilkår for å ta søknaden (av 20. august 2018) opp til politisk handsaming.

Eg forstår ikkje streken i kommuneplankartet som vert omtala som «byggjegrænse i sjø».

Det kan, sakleg sett, ikkje formulerast konkret grunngjeving for søknaden om dispensasjon frå denne «nulliteten», ut over det som ligg i dokumenta som følgjer søknaden av 20. august 2018 og seinare tilleggsdokumentasjon.

Kommunens krav om snitt og fasadeteikningar er irrelevant.

Nabovarsling : Det er i realiteten berre ein nabo (eit sameige) - som er varsla mange gonger – også om dispensasjonsspørsmålet. Sjå elles søknaden (av 20. august 2018) med nabovarsel, merknader, og vurdering av merknader. Det er opplyst at avvissingsvedtaket kan påklagast innan 3 veker. Eg antar at ein klage vil løfta saka opp til polisk handsaming. Kan du bekrefte at denne antakelsen er korrekt ?

07. 12. 2020 :

Frå Marianne Aadland Sandvik :

Klage på avvising vert handsama administrativt og sendt til fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd, etter gjeldande delegeringsreglement.

07. 12. 2020 :

Frå Marianne Aadland Sandvik :

Delegeringsreglementet finn du på heimesida til kommunen:

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/eb2cbe0cf5a24cc68d1b850c6c33eb03/politisk-styringsstruktur-og-reglement-oppdateret-etter-vedtak-26.11.2020.pdf>

Side 12 :

(REGLEMENT FOR UTVAL FOR AREAL, PLAN OG MILJØ)

Klagehandsaming : Utvalet skal handsame klager på enkeltvedtak innanfor utvalet sitt saksområde, med unntak av: ·Klage på vedtak om avvist søknad eller avvist klage

Side 21 :Delegering av avgjerd etter særlover: Rådmannen har mynde til å ta avgjerder, eller delegere slik mynde, i saker av ikkje-prinsipiell karakter

09. 12. 2020 :

Til Rådmannen i Alver .:

Gjeld sak nr. 20/335 - 20/76458 – 1293/20.

Eg har motteke skriv frå Are Frøysland Grande datert 1. 12. 2020 : administrativt avvissingsvedtak grunngjeve med manglande snitt- og fasadeteikningar av omsøkt flytebyggje - med 3 vekers klagefrist.

Slik eg forstår Marianne Aadland Sandvik vil ein eventuelle klage verta handsama administrativt og deretter sendt direkte til Fylkesmannen i Vestland for «sandpåstrøing», med tilvising til følgjande punkt i kommunens delegasjonsreglement (jf. Kommunelova §13.1 sjette ledd) :

Delegering av avgjerd etter særlover:

Rådmannen har mynde til å ta avgjerder, eller delegere slik mynde, i saker av ikkje-prinsipiell karakter.

Saka - Rammesøknad for flytebyggje i område avsett til småbåthamn i kommuneplanen - med dispensasjon frå kommuneplankartets «byggjegrænse i sjø» – er tvillaust av prinsipiell karakter, verdig ei lokalpolitisk vurdering.

Det ser imidlertid ut for at Alver kommune arbeider etter denne rettleiinga utarbeidd (22. 10. 2018) av teknisk etat i tidlegare Radøy kommune :

Det følger direkte av plan- og bygningslova § 1-9 at «*Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter denne lov.*» Departementet sin myndighet som klageinstans er delegert til fylkesmennene gjennom forskrift.

Klageinstansen i saker etter plan- og bygningslova vil således alltid være Fylkesmannen i Hordaland som «*nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket*», jf. § 28.

Alle kommunale organer, politiske og administrative, vil alltid være underinstans i forvaltningslovens betydning i byggesaker. Verken kommunestyret eller hovudutvalet er et overordnet forvaltningsorgan ifht administrasjonen i byggesaker. Derfor kan verken kommunestyret eller hovedutvalet behandle klagesaker som klageinstans. Det er opp til kommunestyret og hovudutvalet å vurdere hvilke saker de vil behandle selv som førsteinstans, og hvilke saker de vil delegere til administrasjonen. Selv om de delegerer til administrasjonen får ikke det politiske organet rollen som klageinstans.

Den behandlingen av en klage som skjer i kommunen, enten den skjer administrativ eller politisk, er ikke en klagebehandling, men bare en klagesaksforberedelse der kommunen som underinstans samtidig vurderer om det er grunnlag for å gjøre om eget vedtak som følge av klagen, jf.

forvaltningslova § 33. I byggesaker som er realitetsbehandlet med avslag eller godkjenning gjør som oftest hovudutvalet omgjøringsvurderingen.

Din søknad er ikke realitetsbehandlet i kommunen, men avvist som følge av mangler ved søknaden. Klagen er dermed bare en prosessuell klage.

Hovudutvalet skal ha til behandling saker av prinsipiell karakter, det vil si saker der det er rom for politiske vurdering. En prosessuell klage er knyttet til saksbehandlingsregler, og vil aldri være en sak av prinsipiell karakter. I prosessuelle klager er det derfor administrasjonen som gjør omgjøringsvurderingen, før saken går til klagebehandling hos Fylkesmannen.

Siden du allerede hadde vært i kontakt med leiar for hovudutvalet har administrasjonen i denne saken konkret avklart med leiar for hovedutvalet at den prosessuelle klagen som normalt går direkte til fylkesmannen, jf. også den tydelige tilbakemeldingen du har fått på e-post direkte fra leiar i hovudutvalet. Om du ikke ønsker at klagen skal sendes Fylkesmannen som klageorgan må klagen trekkes.

Dersom disse læresetningane er almenngyldige vil kommuneadministrasjonen - i samarbeid med Fylkesmannen - kunna stoppa alle saker, utan mulighet for politisk vurdering .

Med tilvising til oppkonstruerte mangelpåstandar kan det gjerast avvisningsvedtak der eventuelle klager vert handsama av administrativt overordna og «avslutta» i samarbeid med Fylkesmannen.

Kan dette vera rett ?

Eg tillet meg å be rådmannen vurdere spørsmålet, innan klagefristen (21. 12. 2020).